



Gunnar Andreas Danielsen  
BREISTEINVEGEN 309  
5111 BREISTEIN

Referanser:

Dykkar: 4e5e4f9d-c640-49eb-9c76-6d204e010ac3

Vår: 22/1176 - 22/18680

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

[linda.folkestad@alver.kommune.no](mailto:linda.folkestad@alver.kommune.no)

Dato:

07.03.2022

## Løyve til avkjørsel - gbnr 331/15 Håtuft

**Tiltak:** Etablering av ny avkjørsle  
**Byggjestad:** Gripavegen 64 – GBNR 331/15  
**Tiltakshavar:** Gunnar Andreas Danielsen  
**Ansvarleg søkjar:** Gunnar Andreas Danielsen


Saka gjeld søknad om løyve til å etablere ny avkjørsle til kommunal veg for GBNR 331/15 datert 20.02.2022

### Saksutgreiing:

#### Informasjon om saka:

Eg søkjer om ny avkjørsle for å avklare formaliteter ved oppføring av ny hytte på same adresse. Området langs kommunal veg har alltid vore nytta som parkeringsplass.

Avkjørsle ved eigdommen kommer til å bli brukt av kjøretøy type personbil.



Det søkast nå om avkjørsle, veg og parkering inne på eigedom Gbnr 331/15.



### Vurdering/drøfting:

Kommunal veg i Gripavegen er etablert som ei eifeltsveg med to køyreretningar. Avkjørslane langs vegen skal fungere som møteplasser for kjøretøy. Kommunal veg er skilta med særskilt fartsgrense 50 km/t, minste krav til sikt i avkjørsler frå kommunal veg er 4 x 45 meter.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922



Langs kommunal veg skal det være veggrøft med ei minste bredde på 1,0 meter. Grøft skal ha eit jamt fall frå kommunal vegkant. Grøfteareal skal være opparbeida slik at området ikkje innbyr til parkering eller hensetting av sikthindringar.

#### Samandrag/konklusjon:

Alver kommune finn det forsvarleg å gje løyve til etablering av avkjørsle til fritidsbustad på GBNR 331/15. Løyve vert gitt på vilkår.

#### **Vedtak:**

Med heimel i Veglova §§ 40-43 med tilhøyrande regelverk gjev Alver kommune løyve til etablering av avkjørsle til fritidsbustad på GBNR 331/15. Løyve vert gitt på følgjande vilkår:

- Avkøyrlle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av Vegdirektoratet i forskrift om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle, samt at ein skal snu på eigen grunn.
- Siktsone skal være ihht Vegnormal N100. Minstekrav til sikt er satt til 4 x 45 meter. Siktsone skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla. Siktsone skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå.
- Svingradius definerer avkjørsla og skal sikre at kjøretøy som skal ut i vegen står vinkelrett på denne. Svingradius skal òg sikre at kjøretøy kan svinge i begge retningar. Avkjørsla sin svingradius er satt til  $r = 4$  meter.
- Avkjørsla skal være etablert slik at den ikkje leder overvatn inn frå og ut i kommunal veg. På dei to første metrane bør avkjørsla ha jamt fall på 5 cm før avkjørselsvegen stiger.
- Under avkjørsla skal det leggest ned dreneringsrøyr med ei indre diameter på minimum 200 mm. Dreneringsrøyr skal leggest slik at overvatn frå grøft får fritt løp inn og ut av røyrret. Langs kommunal veg skal det være eit grøfteareal med ei minste bredde på 1,0 meter. Grøft skal ha eit jamt fall frå kommunal veg og skal være etablert slik at overvatn får fritt løp inn og ut av dreneringsrøyr under avkjørsla. Grøftearealet skal være opparbeida slik at området ikkje innbyr til parkering eller hensetting av sikthindringar.
- Det skal etablerast snuareal på eigen grunn. Snuareal skal ikkje nyttast til parkering. Det skal være mogleg for kjøretøy å snu inne på eigedom når parkeringsplass er i bruk.

**Vedtaket gir berre løyve til å knytte avkjørsle til kommunal veg iht Veglova. Samferdsel, veg-, vatn- og avløp gjer merksam på at tiltaket kan være søknadspliktig etter plan og bygningslova. Avkjørselsvedtaket forutsetter at andre godkjenninger ligg føre.**

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43 med tilhøyrande regelverk at vegmynde skal setje krav til avkjørsle frå offentleg veg. Vi gjer merksa på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatrettslege avtaler ovanfor eventuelle grunneigarar.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Situasjonsplan avkjørsle Gbnr 331-15 Gripavegen 65

### **Mottakarar:**

Gunnar Andreas Danielsen

BREISTEINVEGE 5111  
N 309

BREISTEIN